

Silkevippa AS
Åmotvegen 3
3890 Vinje
Telefon: 46 67 67 21
E-postadresse: post@silkevippa.no

15.april 2026

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 Vinje

Søknad om støtte til bevaring av kulturminne

I samband med planlagt nødvendig opprusting av Silkevippahuset/Gamle Åmot Hotell, vil eg med dette søke om 350 000 kr i støtte frå Vinje kommune til delfinansiering av prosjektet. Til resten av finansieringa er det er søkt Kulturminnefondet om tilskot, i tillegg til planlagt eigeninnsats og eigenkapital.

Kulturminnet er ein tømmerbygning sett opp i 1924. Bygningen var opphaveleg hotell og posthus i knutepunktet Åmot, i Vinje kommune. Opp gjennom tida har huset hatt mange funksjonar som bustad, motell, arbeiderbustad for Vinje Hotell bygd i 1938, kafé, blomsterbutikk og ungdomsklubb. Bygget er det eg veit det einaste huset i Åmot sentrum frå gamal busetnad (over hundre år) som fortsatt eksisterer. Sjå meir informasjon om bygningen i tilstandsrapporten som er vedlagt, laga av Jortveit bygg i 2022. Bilde av Gamle Åmot Hotell og posthus ligg også vedlagt.

Huset har i snart 16 år vore butikklokale for Silkevippa AS. Butikken er open kvar dag, utanom sundag. Høgsesong er påske, sommar, haust og fram til jol. Butikken sel kvalitetsprodukt frå nøye utvalde leverandørar innan varekategoriane klede, leiker, interiør, kunst, handverk, lokale smakar, velværeprodukt mm. I tillegg har Silkevippa eigen kolleksjon av ullklede som blir selt i butikken og engros til andre forhandlerar. Det er også eigen saumeproduksjon på huset av diverse produkt.

Rom etter rom er restaurert opp gjennom åra, med mål om å ta tilbake det originale uttrykket og stemninga i huset.

Bilde frå bygningen og butikken ligg vedlagt.

Planen er at huset fortsatt skal brukast til butikklokale. For å gjera Silkevippa meir stødig driftsmessig og økonomisk er det planlagt ein kafékrok med god kaffe og bakst. Det er også planlagt å legge til rette for meir aktivitet i stillare periodar som ettervinter og vår. Planen er at nokre av roma kan brukast til kreativ kafé med diverse aktivitetar, foredrag, kurs og inspirasjonsdagar. Dette er tilbod som manglar i Åmot nå. Etter at Kakeringen la ned, er også eit kafétilbod noko som mange saknar.

Slik huset er i dag er det umogleg å ha ei slik drift. På vinterstid er huset iskaldt og har veldig høge straumutgifter.

For å fortsette drifta i huset er det heilt nødvendig med takbytte, isolering og fasadefornyning.

Rørssystem og sanitærforhold i kjellar må også oppgraderast. Kvar vinter frys vatnet i kjellaren fleire gonger, og nemnde tiltak som ligg på punkt under vil vera nødvendig ifht driftstryggleik. Tilstandsrapport av Tore Jortveit laga i 2022 ligg ved.

Planlagde nødvendige tiltak:

- Nytt tak med lufting, tro, bandtekking og takrenner. Restaurering av pipe med vedomnar i 1. og 2. etasje.

- Yttervegg: Utforing, isolering, kledning med vekselpanel og flytte ut vindauga med nye foringar og listar. I samråd med snikkar er det bestemt at kledning skal bytast ut, i staden for å plukke ned alt og erstatte det som er dårleg. Dette pga at løysing med gjenbruk vil bli veldig tidkrevjande og dyrt, i tillegg til at kledninga er i dårleg stand. Ny kledning skal bestillast av lokal produsent og vera så lik den originale som mogleg. Bygget skal målast i same farge som det har hatt. Måling av huset skal gjerast på dugnad.

-Nytt tak på tilbygg med brattare takvinkel, ny isolasjon, bandtekking og takrenner.

-Utkrafsing av fuger i mur.

-Setje hjørnestein i mur på plass.

-Bytte og rydde opp i vassrør som går gjennom diverse kalde rom i kjellaren. Lage eit funksjonelt toalettrom i kjellaren. Bytte til isolert utgangsdør i kjellaren. Arbeidet i kjellaren skal gjerast på dugnad av meg sjølv og hjelpearar med kompetanse og fagutdanning.

Planlagd startdato er 1.8.26, og sluttdato er planlagd til 31.5.27.

Tømrar Olav Vinje kan starte arbeidet med tak og ytterveggar etter sommaren i år (2026). Arbeidet som skal gjerast på dugnad/eigeninnsats treng litt meir tid i forhold til drift av butikk, koordinering med snikkar mm. Difor er sluttdato sett til våren 27. Kostnadsoverslag/tilbod frå tømrar Olav Vinje ligg vedlagt.

Kostnader:

| | |
|---|---------------------|
| Dugnad 485 t à 350 kr. | 169 750 kr |
| Materialar som skal kjøpast inn | 110 000 kr |
| <u>Kostnadsoverslag/tilbod frå handverkar</u> | <u>1 148 000 kr</u> |
| <u>Totale kostnader:</u> | <u>1 427 750 kr</u> |

Finansiering:

| | |
|-----------------------------------|---------------------|
| Dugnadstimar | 169 750 kr |
| Eigne midlar | 270 000 kr |
| Tilskot frå Vinje kommune, søknad | 350 000 kr |
| <u>Kulturminnefondet, søknad</u> | <u>638 000 kr</u> |
| <u>Total finansiering:</u> | <u>1 427 750 kr</u> |

Ta gjerne kontakt om de treng utfyllande opplysningar.
Vonar på positivt svar, slik at det fortsatt kan vera mogleg å halde liv i det gamle historiske huset midt i Åmot.

Venleg helsing

Kari Nordstoga på Silkevippa